



FUSA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet	
Møtestad:	Kommunetunet	
Møtedato:	13.04.2016	Tid: 18:00 – 22:05

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Saklista vart sendt medlemene og varamedlemer 06.04.2016 via utlegging på iPad, e-post og gjort kjent via heimesida.

Møtet vart kunngjort i ei avis og på heimesida.

Desse medlemene møtte:

Ordførar Atle Kvåle, Hans Ekeberg, Anne-Grethe Gjerdevik, Ap

Varaordførar Magne Djuvik, Frp

Bjarte Samnøy, Krf

Aud May Boge, H

Svein Lang, Margunn Y. Samnøy, Mikal Leigland, Sp,

Inhabilitet og møtande varamedlemer

Mikal Leigland, Sp, vart inhabil i sak nr 21/16. Peter- Hans de Zwarte var innkalla som varamedlem i andre saker og tok plass som vara også i denne saka.

Margunn Y. Samnøy, Sp, var inhabil i sak nr 25/16. For henne møtte Peter- Hans de Zwarte som varamedlem.

Ordførar Atle Kvåle, Ap, var inhabil i sak nr 25/16. For han møtte Agnete D. Årvik som varamedlem.

Mikal Leigland, Sp, var inhabil i sak nr 27/16 og 38/16. For han møtte Peter- Hans de Zwarte som varamedlem.

Magne Djuvik, Frp, var inhabil i sak nr 36/16. Inhabiliteten var ikkje meldt, og vararepresentant var difor ikkje kalla inn.

Rådmann Berit Fløisand var inhabil i sak nr 25/16.

Andre som var tilstade på møtet:

Rådmann Berit Fløisand.

Assisterande rådmann Elisabeth Farstad

Ansvarleg sekretær Gunn Sissel Teigen

Einingsleiar pleie og omsorg Gro E. Almås til og med sak nr 26/16

Einingsleiar undervisning Anne-Merete Hellebø til og med sak nr 30/16

Einingsleiar teknisk drift Øystein Havsgård til og med sak nr 24/16

Merknader til innkalling og sakliste:

Saklista vart samrøystes vedteke endra slik at sak nr 26/16 vart handsama etter sak nr 21/16.

Sak nr 37/16 vart handsama før sak nr 36/16. Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

Sak nr 36/16 og sak nr 38/16 vart samrøystes vedteke handsama for lukka dører, jf. § 31 nr 5 i kommunelova. Sakene, handsaming og vedtak er unnateke frå offentleg innsyn. Jf. kommunelova § 31 nr 5, jf. offentleglova § 13 1. ledd, forvaltningslova §13 1. ledd nr 2 og offentleglova § 23 av omsyn til det offentlege sin forhandlingsposisjon – jf. også offentleglova §18 for sak nr 38/16 .

Ordførar Atle Kvåle, Ap, leia møtet med unntak av sak nr 25/16 der han var inhabil.
Varaordførar Magne Djuvik, Frp, leia møtet i sak nr 25/16.

Evt. merknader til protokollen må sendast til Fusa kommune innan 14 dagar.

Eikelandsosen, 14.04.2016

Atle Kvåle
Ordførar

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Sakliste

Sak nr.	Tittel
019/16	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET
020/16	DELEGERTE SAKER
021/16	Driftssituasjonen i Pleie og omsorg
022/16	Skulestruktur trinn 2
023/16	PROSJEKTRAPPORTERING FORMANNSKAPET 2016
024/16	PRIORITERING AV UTBETRING AV KOMMUNALE VEGAR
025/16	Kommunal garanti for lån og auka driftsstøtte til ASVO Fusa AS
026/16	Endring av avgiftsbudsjettet for 2016 - nye satsar knytt til nye omsorgsbustader ved FBBS
027/16	Tilskot til drift av private idrettsanlegg
028/16	KULTURSKULESAMARBEID MELLOM OS OG FUSA
029/16	VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I FUSA KOMMUNE
030/16	Om skulekrinsar i Fusa kommune
031/16	Introduksjonsstønad til deltakarar mellom 18 og 25 år i introduksjonsprogrammet
032/16	Søknad om tilskot til utbetring av eldstad
033/16	Revnestranden skogplantingsfond
034/16	Høyringsuttale - Lovfesting av ordninga med ungdomsråd
035/16	SKRIV OG MELDINGER
036/16	Mandat til forhandlingsutvalet for tomt til utviding av Fjord'n senter – unnateke frå offentleg innsyn
037/16	SØKNAD OM KOMMUNALT LØYVE TIL SAL AV ALKOHOL
038/16	Skadebot etter tilbaketrekt byggjeløyve – forliksavtale – unnateke frå offentleg innsyn

019/16: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 03.02.2016 vert godkjent.

13.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR-019/16 VEDTAK:

Møteprotokoll frå møtet 03.02.2016 vert godkjent.

.....

020/16: DELEGERTE SAKER

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Delegerte saker vert teke til etterretning.

13.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR-020/16 VEDTAK:

Delegerte saker vert teke til etterretning.

.....

021/16: Driftssituasjonen i Pleie og omsorg

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek saka til etterretning.

13.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Uttale av 11.04.2016 frå råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne var sendt og lagra ut.

Hans Ekeberg, Ap, fremja følgjande framlegg til tillegg:
Formannskapet ber rådmannen synleggjera evt. ikkje lovpålagte oppgåver som einingane i dag utfører og spesifiserte utgifter på dette. Oversikten må føreliggja i samband med handsaming av fyrste tertialrapport.

Rådmannen fremja følgjande forslag til tillegg i vedtaket:
Til førstkomande kommunestyremøte 27.04. utarbeider rådmannen eit notat som gjer greie for kostnader/driftskonsekvensar ved å rehabilitera sjukeheims plassar i staden for ombygging til omsorgsbustader – trinn 2.

Mikal Leigland stilte spørsmål om han er ugild sidan han har forretningsinteresse i investeringsprosjektet ombygging av FBBS. Forslaget kan få konsekvensar for oppdraget, firmaet hans og tilsette m.m. Forslaget fremja i møtet av rådmannen gjer at saka har endra karakter. Mikal Leigland gjekk frå møtet. Peter-Hans de Zwarte møtte som vararepresentant i andre saker og tok plass i møtet også i denne saka. Mikal Leigland vart samrøystes kjend inhabil, jf. kommunelova § 40 nr 3, jf. forvaltningslova § 6 1.ledd.

Ordførar Atle Kvåle, Ap, fremja følgjande forslag til vedtak:
Kommunestyret tek saka til orientering.

Framlegget frå Atle Kvåle vart samrøystes vedteke.

Forslag til tillegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Hans Ekeberg fekk 0 røyster.

FOR-021/16 VEDTAK:

Kommunestyret tek saka til orientering.
Til førstkomande kommunestyremøte 27.04. utarbeider rådmannen eit notat som gjer greie for kostnader/driftskonsekvensar ved å rehabilitera sjukeheims plassar i staden for ombygging til omsorgsbustader – trinn 2.

.....

022/16: Skulestruktur trinn 2

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

13.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Uttale av 11.04.2016 frå ungdomsrådet var lagra ut.

Fellesforslag fremja av Margunn Y. Samnøy, Sp:

1. Endring i skulestrukturen trinn 2, vert ikkje gjennomført.
2. SFO-tilbodet skal tilpassast den nye skulestrukturen.
3. Økonomiske konsekvensar vert innarbeidde i revidert budsjett og økonomiplan.

Framlegget frå Margunn Y. Samnøy vart samrøystes tilrådd.

FOR-022/16 VEDTAK:

1. Endring i skulestrukturen trinn 2, vert ikkje gjennomført.
2. SFO-tilbodet skal tilpassast den nye skulestrukturen.
3. Økonomiske konsekvensar vert innarbeidde i revidert budsjett og økonomiplan.

.....

023/16: PROSJEKTRAPPORTERING FORMANNSKAPET 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utviding av Stallabrotvegen utover omlegging ved fleirbrukshallen vert ikkje utført som ein del av fleirbrukshallprosjektet. Arbeidet må vurderast saman med andre vegutbetningsprosjekt når planar og kostnadar for heile utbetringa er klare.

Prosjektrapporten vert elles teken til etterretning.

13.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Uttale av 11.04.2016 frå ungdomsrådet var lagra ut. Uttale av 11.04.2016 frå råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne var sendt og lagra ut.

Mikal Leigland stilte spørsmål om han er ugild sidan han har forretningsinteresser i fleire av investeringsprosjekta, jf. kommunelova § 40 nr 3, jf. forvaltningslova § 6 1.ledd. Han har tidlegare vorte kjend inhabil i saka.

Ordførar viste til at dei som har forretningsinteresser i alle fall må tre i frå dersom det vert diskusjon om prosjektet – at det vert realitetshandsama – og ikkje berre orientert om status.

Det vart orientert om tidlegare praksis: handsama saka punktvis - prosjekt for prosjekt slik at dei som er inhabile trer frå når det aktuelle prosjektet vert handsama. Dei som er inhabile deltok ikkje då det var spørsmål til desse prosjekta.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR-023/16 VEDTAK:

Utviding av Stallabrotvegen utover omlegging ved fleirbrukshallen vert ikkje utført som ein del av fleirbrukshallprosjektet. Arbeidet må vurderast saman med andre vegutbetningsprosjekt når planar og kostnader for heile utbetringa er klare.

Prosjektrapporten vert elles teken til etterretning.

.....

024/16: PRIORITERING AV UTBETRING AV KOMMUNALE VEGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fylgjande vegutbetningar vert prioritert i 2016:

- Asfaltering veg til Haugen.
- Asfaltering veg i Eikebakken.
- Utbetring/omlegging veg til Gjøen.
- Utbetring friskt Eikelandsheiane.

Arbeidet vert utført så langt det er disponible midlar på prosjekt 80 på investeringsbudsjettet.

13.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR-024/16 VEDTAK:

Følgjande vegutberingar vert prioritert i 2016:

- Asfaltering veg til Haugen.
- Asfaltering veg i Eikebakken.
- Utbetring/omlegging veg til Gjørn.
- Utbetring friskt Eikelandsheiane.

Arbeidet vert utført så langt det er disponible midlar på prosjekt 80 på investeringsbudsjettet.

.....

025/16: Kommunal garanti for lån og auka driftsstøtte til ASVO Fusa AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

13.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Uttale av 11.04.2016 frå råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne var sendt og lagra ut.

Nytt dokument frå dagleg leiar i ASVO Fusa AS – budsjett 2017 – var sendt og lagra ut.

Jf. opplysningar i saksutgreiing: Dagleg leiar i ASVO Fusa AS er svoger til rådmannen i Fusa. Rådmann Berit Fløisand gjekk frå møtet som inhabil.

Ut frå langvarig praksis kan underordna tenestemann likevel leggja til rette fakta i saka, men ein kan ikkje gjera vurderingar.

Ordførar Atle Kvåle, Ap, stilte spørsmål om han var ugild i saka.

Han har i mange år vore styreleiar i denne bedrifta. Han er ute av styret, men har vore med i prosessen som har ført fram til søknad om kommunal garanti for lån og auka driftsstøtte til bedrifta. Atle Kvåle ga difor uttrykk for han fortsatt er inhabil i realitetshandsaming av denne saka slik han var då saka vart handsama sist av formannskapet. Jf. kommunelova § 40 nr 3, jf. forvaltningslova § 6 1. og 2. ledd.

Han gjekk frå, og Agnete D. Årvik, Ap, tok plass i møtet.

Margunn Y. Samnøy, Sp, stilte spørsmål om ho var ugild i saka. Ho er styremedlem i ASVO Fusa AS. Ho gjekk frå. Jf. kommunelova § 40 nr 3, jf. forvaltningslova § 6 1.ledd.

Atle Kvåle vart samrøystes kjend inhabil. Margunn Y. Samnøy vart samrøystes kjend inhabil.

Varaordførar Magne Djuvik, Frp, fremja følgjande forslag til vedtak:

Fusa kommune er i ein pressa øk situasjon. Det er derfor vanskeleg å binda kommunen opp

til eit varig auka driftsnivå. Det er viktig for Kommunen å sikra tilbodet til dei som har sin arbeidsplass hjå ASVO Fusa AS. På bakgrunn av ovannemde vil Fusa Kommune garantera for eit lån på 4 mill som omsøkt. Kommunen vil og auka driftsstøtta til ASVO Fusa AS med 250.000 pr år i 2016 og 2017.

Fusa Kommune ber styret om å setta i verk tiltak for å auka inntjeninga i verksemda. Ein føreset og at verksemda henta inn minst 2 tilbod på lån.

Den auka driftsstøtta vert dekkja av Næringsfondet.

Framlegget frå Magne Djuvik vart samrøystes tilrådd.

FOR-025/16 VEDTAK:

Fusa kommune er i ein pressa øk situasjon. Det er derfor vanskeleg å binda kommunen opp til eit varig auka driftsnivå. Det er viktig for Kommunen å sikra tilbodet til dei som har sin arbeidsplass hjå ASVO Fusa AS. På bakgrunn av ovannemde vil Fusa Kommune garantera for eit lån på 4 mill som omsøkt. Kommunen vil og auka driftsstøtta til ASVO Fusa AS med 250.000 pr år i 2016 og 2017.

Fusa Kommune ber styret om å setta i verk tiltak for å auka inntjeninga i verksemda. Ein føreset og at verksemda henta inn minst 2 tilbod på lån.

Den auka driftsstøtta vert dekkja av Næringsfondet.

.....

026/16: Endring av avgiftsbudsjettet for 2016 - nye satsar knytt til nye omsorgsbustader ved FBBS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtak:

Følgjande satsar vert lagt til gjeldande avgiftsbudsjett for 2016 og er avgrensa til bebuarar i dei nye omsorgsbustadene tilknytt FBBS:

Satsar per månad

Husleige: Kr 6400

Straum og nettleige: Kr 1000

Måltid og drikke utanom middag: Kr 1242

Innbuforsikring: Kr 100

Leige av sengkle, handkle, vaskedukar og reinhaldsutstyr: Kr 150

Nokre hygieneartiklar, reinhaldsmidlar, toalettpapir, bossposar o.l: Kr 200

13.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Uttale av 11.04.2016 frå råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne var sendt og lagra ut.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR-026/16 VEDTAK:

Følgjande satsar vert lagt til gjeldande avgiftsbudsjett for 2016 og er avgrensa til bebuarar i dei nye omsorgsbustadene tilknytt FBBS:

Satsar per måned

Husleige:	Kr 6400
Straum og nettleige:	Kr 1000
Måltid og drikke utanom middag:	Kr 1242
Innbuforsikring:	Kr 100
Leige av sengkle, handkle, vaskedukar og reinhaldsutstyr:	Kr 150
Nokre hygieneartiklar, reinhaldsmidlar, toalettpapir, bossposar o.l.:	Kr 200

.....

027/16: Tilskot til drift av private idrettsanlegg

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Leigeavtalen mellom Fusa kommune og Stiftinga Bygdastølen ski- og tursenter for Bygdastølen ski- og tursenter datert 27.4.11 vert sagt opp frå dags dato.

Budsjettmidlar i 2016 som ikkje er bunde opp i avtale vert utbetalt etter ein redusert fordelingsnøkkel basert på tilskotssatsar fastsett i Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2014-2025. Eikelandsosen kunstgrasbane og Fusa ridehall vert tekne med som nye anlegg i denne fordelinga.

Organisasjon	Anlegg	Vedteken sats i kommunedelplan	Tilpassa sats 2016
Stiftinga Bygdastølen ski- og tursenter	Bygdastølen ski- og tursenter	70.000,-	
Eikelandsfjorden idrettslag	Grasbane og kunstgrasbane	60.000,-	18.450,-
Hålandsdalen og Eikelandsfjorden skyttarlag	Holdhus skytebane	10.000,-	3.080,-
Strandvik idrettslag	Fotballbane 7 – ar grus	10.000,-	3.080,-
Strandvik skyttarlag	Utandørs skytebane og innandørs skytebane	15.000,-	4.620

Søre Fusa idrettslag	Selvågen idrettsbane	35.000,-	10.770,-
Venjar IL	Kunstgrasbane	35.000,-	10.770,-
Fusa ridehall AS	Ridehall	30.000	9.230,-
Samla tilskot		265.000,-	60.000,-

Fram til budsjettmøtet i kommunestyret i desember skal Fusa kommune i samarbeid med idrettsrådet gjennomføra ei evaluering av tilskotssatsane for idrettsanlegg og gjera framlegg om nye tilskotssatsar for 2017. Samstundes skal Fusa kommune, i dialog med idrettsrådet, forhandla med idrettslaga for å få fram nye langsiktige avtalar mellom Fusa kommune og idrettslaga som skal gjelda frå 1. januar 2017.

13.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Uttale av 11.04.2016 frå ungdomsrådet var lagra ut.

Søknad om driftstilskot ridehall Strandvik vert handsama i saka. Mikal Leigland, Sp, er styreleiar i selskapet og har stilt spørsmål om han er inhabil. Han gjekk frå møtet. Peter-Hans de Zwarte møtte som vararepresentant og tok plass i møtet. Mikal Leigland vart samrøystes kjend inhabil j.f. kommunelova § 40 nr 3, jf. forvaltningslova § 6 1.ledd.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR-027/16 VEDTAK:

Leigeavtalen mellom Fusa kommune og Stiftinga Bygdastølen ski- og tursenter for Bygdastølen ski- og tursenter datert 27.4.11 vert sagt opp frå dags dato.

Budsjettmidlar i 2016 som ikkje er bunde opp i avtale vert utbetalt etter ein redusert fordelingsnøkkel basert på tilskotssatsar fastsett i Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2014-2025. Eikelandsosen kunstgrasbane og Fusa ridehall vert tekne med som nye anlegg i denne fordelinga.

Organisasjon	Anlegg	Vedteken sats i kommunedelplan	Tilpassa sats 2016
Stiftinga Bygdastølen ski- og tursenter	Bygdastølen ski- og tursenter	70.000,-	
Eikelandsfjorden idrettslag	Grasbane og kunstgrasbane	60.000,-	18.450,-

Hålandsdalen og Eikelandsfjorden skyttarlag	Holdhus skytebane	10.000,-	3.080,-
Strandvik idrettslag	Fotballbane 7 – ar grus	10.000,-	3.080,-
Strandvik skyttarlag	Utandørs skytebane og innandørs skytebane	15.000,-	4.620
Søre Fusa idrettslag	Selvågen idrettsbane	35.000,-	10.770,-
Venjar IL	Kunstgrasbane	35.000,-	10.770,-
Fusa ridehall AS	Ridehall	30.000	9.230,-
Samla tilskot		265.000,-	60.000,-

Fram til budsjettmøtet i kommunestyret i desember skal Fusa kommune i samarbeid med idrettsrådet gjennomføra ei evaluering av tilskotssatsane for idrettsanlegg og gjera framlegg om nye tilskotssatsar for 2017. Samstundes skal Fusa kommune, i dialog med idrettsrådet, forhandla med idrettslaga for å få fram nye langsiktige avtalar mellom Fusa kommune og idrettslaga som skal gjelda frå 1. januar 2017.

.....

028/16: KULTURSKULESAMARBEID MELLOM OS OG FUSA

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune utvidar prøveordning med felles kulturskule for Fusa og Os for skuleåret 2016-17. Intensjonen med prøveordninga er ein integrert felles kulturskule for Fusa og Os frå 1. august 2017.

I prøveperioden fram til 1. august 2017 kjøper Fusa kommune administrative og faglege tenester frå Os kommune slik det går fram av samarbeidsavtalen.

Ordninga skal evaluerast innan 15. februar 2017. Formelt vedtak av samarbeidsavtale skal gjerast etter evalueringa.

13.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Uttale av 11.04.2016 frå ungdomsrådet var lagra ut.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR-028/16 VEDTAK:

Fusa kommune utvidar prøveordning med felles kulturskule for Fusa og Os for skuleåret 2016-17. Intensjonen med prøveordninga er ein integrert felles kulturskule for Fusa og Os frå 1. august 2017.

I prøveperioden fram til 1. august 2017 kjøper Fusa kommune administrative og faglege tenester frå Os kommune slik det går fram av samarbeidsavtalen.

Ordninga skal evaluerast innan 15. februar 2017. Formelt vedtak av samarbeidsavtale skal gjerast etter evalueringa

.....

029/16: VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I FUSA KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtekter for barnehagane i Fusa kommune vert endra frå 01.08.16 slik dei ligg føre i Framlegg til reviderte vedtekter for barnehagane i Fusa.

13.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR-029/16 VEDTAK:

Vedtekter for barnehagane i Fusa kommune vert endra frå 01.08.16 slik dei ligg føre i Framlegg til reviderte vedtekter for barnehagane i Fusa

.....

030/16: Om skulekrinsar i Fusa kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Oppheving av skulekrinsar vert lagt ut på høyring med 6 veker frist til å koma med merknader:

Med verknad frå 01.08.2016 opphevar Fusa kommune tidlegare gjeldande skulekrinsar. Fusa kommune skal ikkje ha forskrift om skulekrinsar.

13.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

På vegne av KrF, H og Sp fremja Margunn Y. Samnøy følgjande felles framlegg:

Med verknad frå 01.08.2016 opphevar Fusa kommune skulekrinsane Eikelandsosen, Holdhus, Fusa og Strandvik.

Eikelandsosen og Holdhus vert slått saman til ein skulekrins, frå skuleåret 2016-17.

Fusa vert slått saman med Strandvik/Vinnes til ein skulekrins, frå skuleåret 2016-17.

Fusa kommune skal ha følgjande skulekrinsar:

- 1) Nore Fusa skulekrins
- 2) Eikelandsosen og Holhus skulekrins
- 3) Søre Fusa skulekrins
- 4) Strandvik/Vinnes og Fusa skulekrins

Fusa kommune skal omgåande utarbeida ei forskrift om skulekrinsar. Formannskapet innstiller til kommunestyret som vedtek forskrifta.

Framlegget frå Margunn Y. Samnøy fekk 5 røyster. (1 H, 1 Krf, 3 Sp)

Framlegget frå rådmannen fekk 4 røyster. (3 Ap, 1 Frp)

Saka vert lagt fram for kommunestyret då det ikkje er fleirtal for å leggja saka ut på høyring slik det vart vedteke 17.12.2016.

FOR-030/16 VEDTAK:

Med verknad frå 01.08.2016 opphevar Fusa kommune skulekrinsane Eikelandsosen, Holdhus, Fusa og Strandvik.

Eikelandsosen og Holdhus vert slått saman til ein skulekrins, frå skuleåret 2016-17.

Fusa vert slått saman med Strandvik/Vinnes til ein skulekrins, frå skuleåret 2016-17.

Fusa kommune skal ha følgjande skulekrinsar:

- 1) Nore Fusa skulekrins
- 2) Eikelandsosen og Holhus skulekrins
- 3) Søre Fusa skulekrins
- 4) Strandvik/Vinnes og Fusa skulekrins

Fusa kommune skal omgåande utarbeida ei forskrift om skulekrinsar. Formannskapet innstiller til kommunestyret som vedtek forskrifta.

Saka vert lagt fram for kommunestyret då det ikkje er fleirtal for å leggja saka ut på høyring slik det vart vedteke 17.12.2016.

.....

031/16: Introduksjonsstønad til deltakarar mellom 18 og 25 år i introduksjonsprogrammet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen tilrår at det vert utbetalt full introduksjonsstønad til alle deltakarar i introduksjonsprogrammet mellom 18 og 25 år med unntak av dei under 25 som bur heime med to foreldre som har introduksjonsstønad eller anna inntektsgjevande arbeid.

13.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Uttale av 11.04.2016 frå ungdomsrådet var lagra ut.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR-031/16 VEDTAK:

Rådmannen tilrår at det vert utbetalt full introduksjonsstønad til alle deltakarar i introduksjonsprogrammet mellom 18 og 25 år med unntak av dei under 25 som bur heime med to foreldre som har introduksjonsstønad eller anna inntektsgjevande arbeid.

.....

032/16: Søknad om tilskot til utbetring av eldstad

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vinnesholmen kystlag gjer eit viktig samfunnsnyttig arbeid i drifta av Vinnesholmen og det er sentralt for Fusa kommune å ha eit godt og konstruktivt samarbeid med kystlaget, både om dagleg drift og i utviklinga av eigedommen til det beste for fusingane og regionen.

Fusa kommune stettar søknaden frå Vinnesholmen kystlag med eit tilskot på kr 15.000,- til utbetring av skorstein i våningshuset på Vinnesholmen. Løyvinga går frå kulturbudsjettet, kt 1.1721.3854.4701.

13.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR-032/16 VEDTAK:

Vinnesholmen kystlag gjer eit viktig samfunnsnyttig arbeid i drifta av Vinnesholmen og det er sentralt for Fusa kommune å ha eit godt og konstruktivt samarbeid med kystlaget, både om dagleg drift og i utviklinga av eigedomen til det beste for fusingane og regionen.

Fusa kommune stettar søknaden frå Vinnesholmen kystlag med eit tilskot på kr 15.000,- til utbetring av skorstein i våningshuset på Vinnesholmen. Løyvinga går frå kulturbudsjettet, kt 1.1721.3854.4701.

.....

033/16: Revnestranden skogplantingsfond

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune godkjenner endring av Revnestranden skogplantingsfond sine vedtekter, godkjent av fondsstyret 3 mars 2016.

13.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR-033/16 VEDTAK:

Fusa kommune godkjenner endring av Revnestranden skogplantingsfond sine vedtekter, godkjent av fondsstyret 3 mars 2016.

.....

034/16: Høyringsuttale - Lovfesting av ordninga med ungdomsråd

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagd fram utan framlegg til vedtak.

13.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Uttale av 11.04.2016 frå ungdomsrådet var lagra ut.

Følgjande felles framlegg frå ordførar Atle Kvåle, Ap, vart samrøystes tilrådd:
Fusa kommune meiner at ordninga med ungdomsråd bør vera lovfesta som ei ordning i alle kommunar. Dette vil sikra at ungdom får et talerøyr og ei medbestemming i viktige saker som gjeld barn og unge i deira lokalmiljø.
Saka går vidare til kommunestyret for handsaming og vedtak.

FOR-034/16 VEDTAK:

Fusa kommune meiner at ordninga med ungdomsråd bør vera lovfesta som ei ordning i alle kommunar. Dette vil sikra at ungdom får et talerøyr og ei medbestemming i viktige saker som gjeld barn og unge i deira lokalmiljø.

Saka går vidare til kommunestyret for handsaming og vedtak.

.....

035/16: SKRIV OG MELDINGER **:RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Skriv og meldingar vert teke til orientering.

13.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR-035/16 VEDTAK:

Skriv og meldingar vert teke til orientering.

.....

037/16: SØKNAD OM KOMMUNALT LØYVE TIL SAL AV ALKOHOL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune gjev løyve til sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1 – som inneheld høgst 4,7 volumprosent alkohol - jf. alkohollova m.a. §1- 3, §1-4 b, §1-6 §3-1, 3-7, §3-9.

Forretningen sitt namn: Spar Fusa – Venjaneset Mat As
Adresse: Fusatun, Venjaneskrysset, 5641 Fusa
Tidsrom for løyvet: 29.04.2016 t.o.m. 30.06.2016
Løyvehavar: Spar Fusa – Venjaneset Mat As – Orgnr 816 132 762
Styrrar for løyvet: Oddbjørn Halvorsen f. 17.02.75
Avløyssar: Oddvin Bakke f. 23.04.69
Forretningskonsept - Daglegvarebutikk – butikkareal pr april 2016
Forretningslokalet sitt areal
Salstid

Skal følgja butikken si opningstid, med desse avgrensingane.
Sal og utlevering av øl kan skje fra kl. 0800 til kl. 2000. På dagar før søn- og helgedagar skal salet opphøyre kl. 1800. Dette gjeld ikkje dagen før Kristi Hinmmelfartsdag Elles gjeld tidsavgrensingar i retningslinjene i rusmiddelpolitisk handlingsplan og tidsavgrensingane i alkohollova §3-7.

Løyvegebyr: Vert fastsett i samsvar med forskrift heimla i alkohollova §7-1

Vandelskrava i alkohollova er vesentleg skjerpa f.o.m. 01.01.98. Dette vil m.a. kunna føra til at løyve vert inndrege dersom vilkåra i §1-7 b ikkje lenger er oppfylt, eller dersom løyvehavar ikkje oppfyller sine plikter etter alkohollova eller reglar gitt med heimel i den.

Fusa kommune føreset at alkoholsalet føregår i samsvar med gjeldande regelverk, jfr. alkohollova §3-9 med forskrifter. Jf. også retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan m.a. pkt 8 nr 3.1 – 3.4 Vi føreset vidare at løyvehavar er kjent med lova, forskriftene og retningslinjene i rusmiddelpolitisk handlingsplan dei plikter som fylgjer av desse.

Slutter styrrar eller avløyssar, må løyvehavar straks søkja om godkjenning av ny.

13.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR-037/16 VEDTAK:

Fusa kommune gjev løyve til sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1 – som inneheld høgst 4,7 volumprosent alkohol - jf. alkohollova m.a. §1- 3, §1-4 b, §1-6 §3-1, 3-7, §3-9.

Forretningen sitt namn: Spar Fusa – Venjaneset Mat As
Adresse: Fusatun, Venjaneskrysset, 5641 Fusa
Tidsrom for løyvet: 29.04.2016 t.o.m. 30.06.2016
Løyvehavar: Spar Fusa – Venjaneset Mat As – Orgnr 816 132 762
Styrrar for løyvet: Oddbjørn Halvorsen f. 17.02.75
Avløyssar: Oddvin Bakke f. 23.04.69
Forretningskonsept - Daglegvarebutikk – butikkareal pr april 2016
Forretningslokalet sitt areal

Salstid

Skal følgja butikken si opningstid, med desse avgrensingane.
Sal og utlevering av øl kan skje fra kl. 0800 til kl. 2000. På dagar før søn- og helgedagar skal salet opphøyre kl. 1800. Dette gjeld ikkje dagen før Kristi Hinmmelfartsdag. Elles gjeld tidsavgrensingar i retningslinjene i rusmiddelpolitisk handlingsplan og tidsavgrensingane i alkoholova §3-7.

Løyvegebyr:

Vert fastsett i samsvar med forskrift heimla i alkoholova §7-

1

Vandelskrava i alkoholova er vesentleg skjerpa f.o.m. 01.01.98. Dette vil m.a. kunna føra til at løyve vert inndrege dersom vilkåra i §1-7 b ikkje lenger er oppfylt, eller dersom løyvehavar ikkje oppfyller sine plikter etter alkoholova eller reglar gitt med heimel i den.

Fusa kommune føreset at alkoholsalet føregår i samsvar med gjeldande regelverk, jfr. alkoholova §3-9 med forskrifter. Jf. også retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan m.a. pkt 8 nr 3.1 – 3.4 Vi føreset vidare at løyvehavar er kjent med lova, forskriftene og retningslinjene i rusmiddelpolitisk handlingsplan dei plikter som fylgjer av desse.

Slutter styrar eller avløyssar, må løyvehavar straks søkja om godkjenning av ny.